

Helgedagen

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 1 - februar 2015 47. årg.



Hans Nielsen Hauge kveld

side 17



Temakveld med Odd J. Eidner

side 15



Alltid beredt!

side 4



Brynefamilie i Carlisle

side 6

Bryne - Time - Undheim sokn

Kyrkjekontoret tlf. 51 77 03 77

Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00 -14:00

Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4349 Bryne

heimeside: <http://www.time-kyrkja.no>

e-post adresse: kyrkjekontoret@time-kyrkja.no

telefaks tlf. 51 77 03 60

Prost: Kjell Børge Tjemsland tlf. 416 38 048

Kateket: Ingrid Time Nærland tlf. 970 99 661

Diakon: Marit Høie Hetland tlf. 911 63 039

Diakon: Ingelin H Norbakken tlf. 48 19 03 18

Sekretær Bryne sokneråd: tlf. 51 77 03 64

Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 64

Sekretær Time sokneråd: tlf. 51 77 03 64

Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 64

Sekretær Undheim sokneråd: tlf. 951 60 990

Knut Undheim tlf. 51 77 03 77

Sekretær: Kari W. Ødegaard tlf. 51 77 03 76

Sekretær: Siri Vik tlf. 51 77 03 69

Kyrkjevevje: Olav Vegard Søyland tlf. 51 77 03 69

Time

Sokneprest: Gunnar Frøyland tlf. 958 73 847

Organist: Oddny Underhaug tlf. 900 11 178

Kyrkjetenar: Gunhild Edith Lande tlf. 48 10 70 62

Kyrkjetenar helg: Tom Carlos Slettebø tlf. 977 46 283

Soknerådsleiar: Karin Lima Friestad tlf. 900 21 635

Klokkar: Sofie Braut tlf. 986 55 128

Time kyrkjegard tlf. 51 48 32 84

Bryne

Heimeside <http://www.brynekyrkja.no>

Sokneprest Stein Ødegård tlf. 911 57 105

Organist: Per Olav Egeland tlf. 900 18 708

Klokkar: Leif Andenes tlf. 909 93 176

Soknerådsleiar: Ruth Stabel Berg tlf. 938 31 623

Kyrkjelyduttviklar: Bjørn Inge Hauge tlf. 51 77 03 62

Ungdomspastor: Johannes Kleppe tlf. 951 42 602

Kyrkjetenar: Gunhild Edith Lande tlf. 48 10 70 62

Kyrkjetenar helg: Håkon Espevik tlf. 413 79 422

Lye forsamlingshus

Heimeside <http://www.lyeforsamlingshus.no>

Sokneprest: Gunnar Frøyland tlf. 958 73 847

Leiar forsamlingsstyret: Arne Heggheim tlf. 900 34 326

Administrator Lye: Sigurd Idland tlf. 466 98 050

Ungd.arbeid. Lye: Helge Ask tlf. 994 62 935

Undheim

Heimeside <http://www.undheimkyrkja.no>

Kyrkjetenar: Hans Undheim tlf. 900 37 560

Soknerådsleiar: tlf. 51 48 43 07

Kåre Sigurd Undheim tlf. 51 48 68 20

Undheim kyrkje tlf. 51 48 68 20

Besøk vår nettside:

www.time-kyrkja.no

E-post sokneråda:

Time sokneråd: time.soknerad@time-kyrkja.no

Bryne sokneråd: bryne.soknerad@time-kyrkja.no

Undheim sokneråd: undheim.soknerad@time-kyrkja.no



Gunnar Frøyland

Til ettertanke

**...”Nokre gonger er det
nødvendig å ta sterke
ord og bilete i bruk ”**

Fri ytring

«Ingen av oss kan komma eit anna menneske nær utan å halda noko av deira liv i våre hender». Slik opna og slutta kong Harald nyttårstalen sin.

Når eg seier eit ord, når eg nikkar og smiler eller ristar oppgitt på hovudet og trekkjer på skuldrene, då sender eg ut ein bodskap. Når eg viser eit bilete eller ei teikning, fortel eg noko. Når eg held den andre fast i mitt blick eller vender blikket frå den andre, viser eg ei haldning.

Ofte må eg seia: « Eg meinte det ikkje sånn». Eg må be om orsaking for bodskapen eg sende blei forstått heilt annleis. Når sendar og mottakar har ulik erfaring eller stad i livet, kan nær sagt ein kvar bodskap bli mangetydig. Eit spørsmål om einkvan treng hjelp, kan oppfattast som stakkarlegging og ein morosam replikk som ovanfrå og ned haldning.

Om nokon vil gå i rette med meg, veit eg at latterlegging er ein vanskeleg måte å nå fram til meg på. Dersom nokon fortel meg at eg er dum eller at mine verdiar er lite verd, då skal det mykje til at eg ikkje går i forsvar. Om nokon vil forandra meg, treng eg at dei møter meg med velvilje og respekt.

« Mine sysken, skulle nokon av dykk bli gripen i eit feilsteg, så må de som har Anden, hjelpa han til rette. Men gjer det audmjukt og pass deg sjølv, så ikkje du og blir freista.» Gal.6,1

Gjer det audmjukt er sjølve nøkkelen i kommunikasjon. Betrevitaren kan ha rett, men blir ikkje høyr.

Nokre gonger er det nødvendig å ta sterke ord og bilete i bruk. Når det som er sjølvsagt i ei gruppe må forandrast, må ein ropa høgt. Karikaturar ropar høgt. Kvar og ein har ansvar for at opplevinga av å bli krenka ikkje gir oss rett til å slå igjen. Me må spørja: Kva vil karikaturen meg? Treng eg å forandra meg?

Gjennom ytringar kjem me kvarandre nær. Ytringar kan skapa motstand og hat. Ytringar kan gje ny innsikt og endring. Gjennom våre ytringar ber me noko av andre med-menneske sine liv i våre hender.

Gunnar Frøyland

Min Salme

**...”Eg var svært «bøsen» då julafta kom
med gang rundt treet og eg kom med
forslag om å syngja denne salmen”**



Maria Hauge

Mine salmer er *Herre Gud ditt dyre namn og ære* og *Fra fjord og fjære* (NB – i eldre språk-drakt.) Desse salmene er så godt kjende at eg heller vil ta fram ein som er altfor lite brukt, nemleg *Nu vandrer fra hver en verdenskrog* av presten Jonas Dahl.

Dahl var fødd i Stavanger i 1849, - barndomsven av Alexander Kielland. Han var residerende kapellan i St. Petri kyrkje i 1885 og i 1898 i Stavanger domkirke. Frå 1907 og til han døydde 1919 var han i Ullern kirke.

Dahl skreiv songar og salmer, forteljingar og romanar. Eg vil nemne boka Vestan-vejr – Julefortellinger og Jæderliv trykt i København i 1896. Han skreiv og forteljinga om Jentene på Fladholmen til Nordahl Rolfsen si lesebok. Dahl var ein kjend og kjær prest i Stavanger.

Nu vandrer fra hver en verdenskrog lærte eg i andre eller tredje klasse på Hognestad skule,- lærar var Rakel Digranes. Eg var svært «bøsen» då julafta kom med gang rundt treet, og eg kom med forslag om å syngja denne salmen. Tenk, - ingen av dei vaksne, der fire var med i kor, kunne denne. Berre eg! Melodien er laga av son til Jonas Dahl, - Alf Fasmer Dahl.

Maria Hauge

Nu vandrer fra hver en verdenskrog

*Nå vandrer fra hver en verdens krok
i ånden frem, i ånden frem
et uoverskuelig pilgrimstog
mot Betlehem, mot Betlehem.*

*Se, barna går foran, glad i flokk,
så kvinner og menn, så kvinner og menn.
Selv skjelvende gamle tar sin stakk;
Til krybben hen, til krybben hen!*

*For alle har samme hjertetrang
til julens fred, til julens fred.
Guds kirke i Norge, ved våg og vang,
følg med, følg med! Følg med, følg med!*

*Og finner du ham i krybbens hø
som hyrder så, som hyrder så,
da eier du nok til freidig å dø
og leve på, og leve på.*

Jonas Dahl



Gi til NMS – få skattefradrag!



**Det Norske
Misjonsselskap**

BROBYGGER I ORD OG HANDLING

Konto: 8220 02 85030 • Tlf: 51 51 61 00 • www.nms.no

**Vil du gi en gave
til Normisjon?**



Kontonr: 1503.02.13537

Husk å øremerke gaven hvis du vil den skal gå til noe spesielt.

www.normisjon.no

Foto framside: Undheim kyrkje - kveld. Foto: Knut Aalgaard

Helgedagen

Utgitt av Time kyrkjelege fellesråd.

Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Ragnar Time, Gunnar Frøyland, Arnfinn Vigrestad, Gabriel Tengsareid og Knut Aalgaard. Layout: Gabriel Tengsareid og Knut Aalgaard.

Trykk: Jærprint. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 3212 20 24589. Merk innbetalinga med Helgedagen.

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til helgedagen@lyse.net innan 5. mars.

Neste nr. kjem ut ca. 26. mars 2015.

Alltid beredt!



Mat på bål er godt! Foto: Speidargruppa

Fakta:
Ny speidargruppe på Lyefjell
 Tilhører Blå Kors Speidarane,
 som er eit eige korps under Norg-
 es speiderforbund
 Dei er ein del av barnarbeidet
 på Lye forsamlingshus og er eit
 tilbod til gutar i 2. – 4. klasse
 Samling annankvar måndag (dvs
 2. kl. har sin måndag og 3.+ 4. kl
 har den neste) - frå 17.30 til 19.00

i leiargruppa for 3. og 4. kl. har han kona Maria, Janne Stensland, Gunnar Undheim og Per Magne Lende. Maria og Janne er også med når 2. klassingane møtest, då med Sigurd Idland, Morten Sørli og Frank Bjørkhaug som vaksenleiarar. Dei to damene driv altså speiding kvar måndag – imponerende!

Tilbake til bålplassen! Bålet er klart i bålpanna og lyser opp andle-
 ta i halvsirkel rundt. I kveld har dei kome til punkt 5 i speidarlova:
 Ein speidar er ærleg og til å lita på. Viktig! Andakten er om kong
 Hiskia, og då Herren berga Jerusalem frå assyriarane. Tydeleg at
 gutane følgjer med! Etter speidarbøna – Kjære Far i høge himmel,
 er det tid for praktiske aktivitetar: Laga fuglemat og vera med
 på kubbspel. Gruppa deler seg i to, ei på bålplasen og ei på
 leikeplassen utanfor barnehagen. Blir godt å vera fugl på Lyefjell
 nå! Smelta feitt med god fugleblending oppi, og sterkt band til å

Ein mørk november-ettermiddag møter Helgedagen ein flokk speidargutar med leiarar utanfor Forsamlingshuset på Lye. Sjølv om kvelden blir mørk, skal dei ikkje vera innandørs. Nei, dei er utstyrte med refleksvestar, gode lykter og varme klede, så dei skal vera på bålplassen! Me tassar opp- og innover i haustmørket, og for den ukjende melder tanken seg om me finn tilbake til utgangspunktet!

Men før me dreg inn i mørket, har namneopprop sikra leiarane kunnskap om kven som er tilstades frå 3. og 4. klasse på Lye: 19 kjekke karar. Her er ingen jenter, for dette er eit tilbod til gutar på Lyefjell. Trygve Netland er leiar for denne nystarta gruppa. Med seg



Smakar godt!



Glade Lye-speidarar på overnattingstur til Vier Foto: Speidargruppa

hengja opp godsakene i!
 Andre gruppa har gått i mørket til kubbspel. Her gjeld det om å treffa mot-
 standarane sine oppstilte kubbar med ein kjevleliknande kastereiskap. Vanskeleg,
 men kjekt! Etter halvgått tid byter gruppene plass, og ny vandring i mørket.

Til slutt er begge gruppene samla ved bålplassen. Då har leiarane hengt popko-
 rngryta over bålvarmen, og det smakar herleg med nypoppa maiskorn! Gjennom-
 synlege sider på gryta, så her kan me følgja poppinga minutt for minutt!
 Etter om lag halvannen time blir samlinga avslutta med speidarbøna og - Alltid
 beredt. Så blir gruppa følgd tilbake til utgangspunktet ved Forsamlingshuset etter
 ein fin kveld ute.

Leiarane fortel at sjølv om speidargruppa er såpass ny, har dei fått med seg mykje
 allereie. Dei har mellom anna vore på overnattingstur, lært å bruka kniv, fiska,
 lært knutar og førstehjelp, vore på kanotur og fjelltur. Høyrest kjekt ut å vera
 speidar på Lye! Det er dessverre ikkje plass til fleire i speidaren førebels, men ein
 kan setja seg opp på venteliste.

Til hausten vil dei ha behov for fleire leiarar. Interesserte kan ta kontakt med
 Trygve Netland eller Sigurd Idland.

Tekst: LHH

Foto: Speidargruppa og LHH



Spikking i godvêr Foto: Speidargruppa



Fuglebollar på gang



Mørkt på Lye!



Popkorn minutt for minutt!



Kubbspel

NMS-prosjektet Ungdomsmenigheter i England: Kristian og Leah Tjemsland i Carlisle



Ungdomsmøte i St. Barnabas kirken

Nå skal jeg få lov å komme med noen glimt fra arbeidet NMS har i Carlisle bispedømme i England, der sønnen vår Kristian og kona hans Leah er plassert som misjonærer. De har vært der i snart 3 år, og er travle småbarnsforeldre med tre aktive smågutter på 7, 5 og 3 år.

Kristian og Leah har også ansvaret for å koordinere og følge opp NMS' ettåringsarbeid i England. Hvert år har de ca 10 ungdommer utplassert, noen fra Brasil, fra Taiwan og fra Norge. Disse er da med som ledere rundt i ulike prostier, og skaper da faktisk kontakter mellom kristen ungdom i tre verdensdeler.

Familien får bo i en stor, gammel (og riktignok veldig kald) prestebolig. Men de har god plass og stor hage utenfor. Nesten vegg i vegg ligger det da en kirke der de har fått i gang ungdomsarbeid, der det har vært både vansker og utfordringer, som det også har stått om i Misjonstidende. Men nå er det en ganske stabil liten gjeng som kommer hver tirsdagskveld,


der de nå kan ha enkel forkynnelse, noe sosialt, og der de kan studere Bibelen med de eldste på slutten av kvelden. Her har de også med seg lokale medarbeidere. På gata utenfor kirken har de også kakao, fotball og mulighet for en prat. Mange barn og unge kommer nemlig fra heimer med sosiale problemer, arbeidsledighet, rus og vold. Leah har vært engasjert i barne- og familiearbeid i flere ulike menigheter. I et nokså belasta nabolag til en annen kirke har de sammen med den lokale presten vært med på å skape en møteplass for familier, med et lavterskel-tilbud. Etter en laber start der bare tre familier kom, møtes nå over 80 mennesker en lørdags ettermiddag i måneden. Disse



St. Barnabas kirken i Carlisle



Kristian og Leah Tjemsland med barna Oskar, Matias og Simon (Bildet er fra 2012)



som aldri kom i kirken før har nå sin egen gudstjeneste, der de møter Jesus, og får forandra liva sine.

Noe av det viktigste de også er med og bygger opp, er et nettverk av menighetenes ungdomsarbeid i Carlisle bispedømme. Det har i de siste 50 år vært dramatisk nedgang i ungdom som kommer og er "med" i menighetene. I 2010 var der bare 235 av totalt 44 000 ungdommer som var innom en gang i måneden eller mer! Det er nemlig slik at de fleste ungdommene faktisk er 4. eller 5. generasjons kirkefremmede, de fleste kjenner ingen andre kristne, og har heller ingen i familien som ber for dem. Man snakker også om "bibel-analfabeter", og sjøl om vi tenker på England som et kristent land, så gjelder ikke det i denne delen av landet. De kjenner ikke bibelfortellingene, de har ikke hørt evangeliet. Jesus er altså for mange bare et banneord. Derfor har menighetene nå gått sammen om en fellessatsing for å bygge opp ungdomsnettverks-menigheter.

De har en slags fellesmodell for arbeidet med tre C-er, som står

for Cells, Congregations og Celebrations. (Noe som på norsk blir cellegrupper, menigheter og kanskje ungdomsfestival). Det man gjør, er å bygge opp disippelgjørende cellegrupper i sogna, på skoler, fotballbaner eller skateparker, og andre plasser der ungdom møtes. Så samler man disse cellene til ungdomsgudstjeneste, ca. en gang i måneden. Der får disse ofte veldig små cellene eller gruppene oppleve å være en del av et større fellesskap, og treffe andre kristne ungdommer.

Tanken at man på sikt kan arrangere storsamlinger (altså Celebrations) med alle ungdomsmenighetene i bispedømmet til f. eks weekend, sommerleir eller ungdomskonferanser á la UANZ, som vi nå har hatt i Frøyland Orstad kirke de to siste åra her i vårt prosti.

Status nå er at 9 av 11 prostier nå har en ungdomsmenighet. (NMS er, eller har vært direkte involvert i 8 av disse gjennom misjonærer, et-tåringer eller ved økonomisk støtte.) Og det gledelige er at det i 2013 for første gang i manns minne var et par prosents vekst av ungdommer med kirketilhørighet!

Derfor hadde Kristian i november med seg 5 ungdomsledere fra nettverksmenighetene hit til denne konferansen. Disse 5 lederne var med for å få inspirasjon og ideer til sitt arbeid, og kanskje etablere et videre samarbeid, i tillegg til at de fortalte om sitt arbeid.

TAKK for forbønn for dette viktige arbeidet og for misjonærfamiliene som arbeider i England!

Astrid Tjemsland

Bildene er hentet fra misjonærenes hjemmeside: <https://tjemsland.wordpress.com>. Der kan du lese mer om arbeidet.

NMS-prosjektet finner du på: <https://nmsiengland.wordpress.com>



Nødvendig leveregel



Lærer Alemayehu Fantahun

Det femte bodet: Du skal ikkje slå ihel

Forklaring: Vi skal ottast og elska Gud, så vi ikkje skader nesten vår på kroppen eller gjer han noko vondt, men hjelper og stør han i naud og fare.

- Kva tankar gjer du deg om det femte bodet, Alemayehu?

Det er svært viktig sjølv om det har vore slike verdier i mange kulturar i lang tid. Eg meiner at mennesket må ha det i seg, overalt og alltid, utan at det er kulturbetinga. Det er universelt. Alle vil kjenna på skuld om dei bryt dette. Gud har lagt det inn i oss. Og som kristne har dette ein endå større dimensjon.

- Kan du forklare nærare?

Som eksempel nemner eg verdier frå Oromo-kulturen der eg voks opp. Folk gjekk til dei eldste i samfunnet for å løysa mellommenneskelege konflikter. Det var som eit førebyggjande tiltak, ei norm for å hindra at ein gjer kvarandre vondt. Ofte klarte dei eldste å få partane til eit forlik. Når Oromo-folket, tok i mot evangeliet, fann dei eigne verdier

Boda i Helgedagen

Mens det fjerde bodet gjeld forholdet til våre næraste, handlar det femte om forholdet til andre menneske i det heile. At ein ikkje skal slå i hel, at ein ikkje skal ta lova i eiga hand for å drepa, uansett om det skjer i hemn, sjalusi eller ut frå andre motiv, burde vore sjølvagt for alle i opplyste, siviliserte samfunn. Men ein treng ikkje leita lenge for å finna nyheter om at dette ikkje blir respektert. Og om ein ser på forklaringa til bodet, at ein ikkje skal gjera nesten vondt, men hjelpe og støtta i naud og fare, så blir kanskje dette meir aktuelt enn nokon kvar vil innrømme. Både i nasjonalt og globalt perspektiv.

Som kristne er det naturleg å reflektera over korleis Jesus forklarar det femte bodet i Bergpreika. Der utvider han ansvaret til også å gjelda eit hatefullt sinn.

Helgedagen har hatt ein samtale med Alemayehu Fantahun om det femte bodet. Han har vakse opp i Etiopia, men har budd i Norge sidan 1989. Han har utdanning frå Misjonshøgskolen (master i interkulturell kommunikasjon) og frå Høgskoen i Stavanger (org og ledelse). Nå er han tilsett som lærar ved Gand vidaregåande skule.

igjen i Bibelen. Samtidig gjekk vi inn i guds frykt, det Gud har lagt som grunnlag for livet. Det er basert på kjærleik. Kristus lærte oss kva kjærleik er. Som kristne skal vi elska kvarandre slik Kristus elska oss. I det norske demokratiet er ikkje dødsstraff praktisert. Det er basert på menneskesynet. Menneskeverd og ærefrykt for livet er det ein skal leggja vekt på.

- Men det fungerer ikkje alltid slik.

Nei, slett ikkje. Og tilgivelse er ofte vanskeleg. Det er viktig å understreka at vi ikkje skal gjera kvarandre vondt, men elska kvarandre. Og at konflikter skal løysast i staten sitt demokratiske system. Hemn er ikkje etter Gud sin vilje. Kjærleiken i Kristus fører oss inn i bodet si fulle mening.

- Gjeld det også dei andre boda?

Ja, alle boda har med kjærleik å gjera. Kjernen i bodskapen er kjærleik til kvarandre, og å elska Gud som vil oss det beste.. Då Gud gav dei 10 boda til Moses, klarte ikkje menneska å følgja dei. Vi kjenner til krigar og elende som det står om i Det Gamle Testamentet. Kristus vart send fordi vi hamna i synd. Då han vart krossfest, bad han for gjerningsmennene: - "Far, tilgjev dei, for dei veit ikkje kva dei gjer". Slik illustrerte han at vi skal elska kvarandre og halda fred med kvarandre. Tar vi dette innover oss er konsekvensen fred med vår neste og fred med Gud.

RT

Bryne kyrkje fornya misjonsavtale



Misjonær i arbeid på gata i Ukraina

Etter forslag frå Misjonsutvalet vedtok Bryne sokneråd i oktober å støtta Den Norske Israelsmisjon i tre nye år frå 1. januar 2015. Nå skal støtta gå til Return2Sender og Ukraina-prosjektet til Israelsmisjonen.

Bryne kyrkjelyd har hatt avtale med Den Norske Israelsmisjon i seks år om å støtta deira ungdomsorganisasjon Return2Sender og arbeidet knytta til Immanuelkyrkja i Tel Aviv.

Vi vurderte å støtta Return2Sender eller BridgeBuilders. Dette er Israelsmisjonen sin ungdomsorganisasjon som brukar ein vesentleg del av sine ressursar på BridgeBuilders – BruByggjarar. Sist haust hadde vi besøk av dei i Bryne kyrkje. Dei driv forsoningsarbeidet mellom israelske og palestinske/arabiske ungdommar, der norske ungdommar også er med. Indirekte støttar vi altså dette viktige forsoningsarbeidet.

Israelsmisjonen har ikkje eigne tilsette i Ukraina. Men dei støttar med lønsmidlar til ein nordmann som arbeider for Jews for Jesus i Odessa. Det er fleire både små og store

messianske kyrkjelydar i både Odessa, Kiev og Ukraina elles. Dei treng både personleg, moralsk og økonomisk støtte i ei tid som er svært vanskeleg for heile folket i store deler av Ukraina; ikkje minst dei ukrainske jødane. Når dette vert lese, har vi på gudstenesta i Bryne kyrkje 25. januar hatt overlevering av den nye avtalen og orientering om Ukraina.

Det er mange Israelsmisjonsvenner på Bryne, og vi håper at kyrkjelyden vil støtta godt opp om den nye avtalen.

Jan Rosland



Trusopplæring i Den norske kyrkja



Ragnhild Hansen

Nytt frå trusopplæringa Nytt om namn

Det har vore ein del endringar i stillingar og tilsette innan trusopplæringa det siste året. Og fleire skal det bli.

Vi vil få ynskja **Ragnhild Hanssen** velkommen på laget. Ho er tilsett som trusopplærar for aldersgruppa 0-12 år i Time og Undheim sokn i 50 % stilling. Ragnhild byrjar i stillinga 1. mai, men vil allereie nå gå inn i nokre oppgåver. Ho skal blant anna ha dåpsskule på Lye i vår. De blir meir kjende med Ragnhild i eit seinare nummer av Helgedagen.



Astrid Wold

Vi vil samtidig takka **Astrid Wold** som har vore vikar i same stillinga. Før ho sluttar heilt, skal ho ha tårnagenthelg på Undheim.

Tove Hersdal var i fjor 50 % trusopplærar for 0-12 år i Bryne sokn og 50% ungdomsarbeidar i Undheimkyrkja. Ho slutta i Bryne ved nyttår, og er nå 100 % ungdomsarbeidar på Undheim. Vi takkar for arbeidet ho har gjort i Bryne.




Tove Hersdal

Søknadsprosessen etter ny trusopplærar er i gang, og då Helgedagen gjekk i trykken var fleire kandidatar kalla inn til intervju. Vi håpar å få ny trusopplærar på plass snarast muleg.

Vi søker framleis etter vikar i ungdomspastorstillinga i Bryne. Sjå utlysing på side 22.

Ingfrid Time Nærland

Trusopplæring i Den norske kyrkja



STØRST AV ALT - februar mars BARN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA



Dåpsskule

Dåpsskulen for 6/7-åringar på 1. trinn. På dåpsskulen har vi det kjekt i lag! Vi høyrer Bibelforteljingar, syng, lagar noko, les og leikar. Barna får ei spennande bok som heiter "Tre i eit tre". I denne boka høyrer vi om tre barn som har ein hemmeleg klubb – det skal vi også ha!

Time:

Dåpsskulen går over fire samlingar etter skuletid og ei «dåpsskulehelg». Laurdagen har vi kyrkjedag i Time kyrkje og søndagen er vi med på gudstenesta. Vi gler oss!

Hognestad:

Samlingar torsdagar kl 15.15 - 16.15

Lye:

Samlingar fredagar kl 13.00 - 14.30

Fells dåpsskulehelg 21.03 - 22.03

Undheim:

Det vert ikkje dåpsskule på Undheim i vår. Neste år vert det dåpsskule for to alderstrinn, dvs dei som no går på 1. trinn og dei som begynner på 1. trinn til hausten.

Bryne:

Grunna bemanningssituasjonen i Bryne er det uvisst om det vert dåpsskule i år.



Dåp og dåpsglede

*Fylt av glede over livets under,
med et nyfødt barn i våre hender,
kommer vi til deg som gav oss livet,
skriver salmedikter Svein Ellingsen.*

Om det som skjer når vi bærer det mest dyrebare vi eier til dåpen, skriver han:

“Det at vi får bære et hjelpeløst barn inn i kirken, der det er ventet, er et sterkt vitnesbyrd om hva det kristne evangelium vil si oss: Det finnes et sted i verden hvor vi blir tatt imot, uansett hvor svake vi er, uansett prestasjoner og posisjoner. På en sterk og talende måte forkynner barnedåpen at vårt menneskeverd ikke har sin grunn i hva vi har eller hva vi gjør, men i hva vi er:

*skapt av Gud
elsket av Gud
oppøst av Gud”*

Dåpens første ord er GAVE.

Dåpen handler om ufortjent nåde, om guddommelig godhet. Hver dåpshandling er en demonstrasjon av Guds frelse: troen er ikke noe vi selv kan prestere, men noe Gud gir.

For 90 år siden ga Ludvig Hope ut en bok som beskriver dåpen som gave på en måte som fortjener å bli tatt fram igjen. I kapitlet Dåp skriver han i Mot målet: Mitt personlige syn er dette: Jeg er en kristen. Jeg har gitt mitt liv til Kristus og vil være hos ham, i livet, i døden og i all evighet.

Da så Gud ga meg barn, sa jeg til ham: Jeg takker deg for barnet du gav meg, jeg vet det er en stor og ansvarsfull gave. Nå vil jeg gi barnet til deg, likedan som jeg har gitt meg selv til deg. Jeg kan ikke frelse barnet, men du kan, og her er det, Herre. Du har sagt at vi skal gjøre folk til dine disipler ved å døpe dem og lære dem, og det vil jeg

nu gjøre med mitt barn. På ditt ord vil jeg døpe det til deg inn i ditt rike, der hvor også jeg av nåde er, og ved den samme nåde vil jeg prøve å LÆRE barnet mitt din vilje. Jeg lærte dette på nytt da jeg skulle døpe vårt tredje barnebarn i fjor høst og tenkte: Så enkelt kan også jeg si det i dåpssamtalen. Og så enkelt sa jeg det!

Jeg fikk i mars 1950 min dåp uten å ha gjort noe for å fortjene den og uten å forstå den der jeg lå i mors armer. Som en gave fikk jeg den.

Den første gaven vi alle har fått uten å gjøre noe for det, er livet vårt. Vi fikk livet, fordi Gud ville det slik.

Dåpen – del i Guds frelse – handler om å få del i Guds kjærlighet, i det nye livet. Dåpen er kjærlighetens første sakrament. Gud vil det slik!

Dåpen er en radikal Gudsgjerning med mennesket: Jeg blir døpt inn i Kristi kropp, inn i min lokale menighet og i den universelle kirke. Derfor er det jeg stemmer ekstra sterkt i når jeg anerkjenner dette perspektivet ved hver dåpsfest: Og ved tidens grense lever fortsatt dine løftes-ord ved døpefonten, dåpens lys forblir når livet slukner.

Dét er den dypeste grunn til min dåpsglede.

Erling J. Pettersen
Stavanger biskop

Utviding av gravplassen ved Time kyrkje



Foto: KAA

Nokre av gravene ved Time kyrkje

Etter §2 i gravferdslova skal det i kvar kommune vera ein eller fleire gravplassar av ein slik storleik at det til ei kvar tid er ledige graver for minst 3% av kommunen sine innbyggjarar. Med eit folketal som om få år passerer 20000, vil Time kommune måtte ha 600 ledige graver.

Kommunen har i ei tid no, i godt samarbeid med Time kyrkjeleg fellesråd, sett på ulike alternativ på utvidingar av gravplassene for å kunna oppfylle gravferdslova. Kyrkjegarden på Undheim er bygt ut, og planar for utviding på Time er no vedteke i kommunestyret. Utvidinga av gravplassen vil skje mot aust – på eit 58 dekar stort område. Kommunen har vedteke ein plan med trinnvis utbygging. Delfelt A og D (sjå illustrasjon) skal takast først, og det vil gje 1795 nye graver som etter planen skal dekkja behovet i minimum 15 år framover.

Målet for prosjektgruppa har vore å skapa ein verdig og vakker gravlund, som speglar ro og harmoni.


Anlegget skal vera ei naturleg forlenging av eksisterande gravplass der noverande vegetasjonsskjerm vert nytta som ein buffer i samspel med nytt vasspeil mot nye gravfelt. Utfordringa med overvatn er løyst gjennom å nytta opne kanalar gjennom gravplassen som gjev gode visuelle kvalitetar.

Det samrøystes vedtaket i Time kommunestyre lyder slik:

1. Time kommunestyre godkjenner framlagt forprosjekt for utviding av gravplassen ved Time kyrkje.
2. Kostnadskalkylen på om lag 57.9 mill.kr. for opparbeiding av delfelta A og D med i alt 1795 graver vert godkjent. Prosjektet vert utsett i 2 år og skal stå ferdig til årsskiftet 2018/19.

Det er eit kvalitetsstempel for ein kommune å ha velstelte og vakre gravplassar. Det har Time kommune, og med realiseringa av planane som no er vedtekte, viser politikarane at dei vil sikra det kvalitetsstempelet og i framtida!

AV





KVINNENES INTERNASJONALE BØNNEDAG

Fredag 6. mars 2015

- sjå annonse side 18

Starten til Kvinnene sin internasjonale bønnedag fann stad i Brooklyn, USA, i 1887. Bakgrunnen var nauda blant immigrantar og etterkomarar av slavar. Via misjonærar spreidde dette seg utanom Amerika. I 1920-åra vart Kvinnenes internasjonale bønnedag eit faktum og etterkvart vart første fredag i mars vedteken som den faste bønnedagen.

I symbolet ser vi fire personar som ber. Dei fire verdenshjørna dannar korset, og alt er bunde saman av sirkelen, Guds kjærleik. I dag har bønnedagen komitéar i meir enn 170 land. Ein internasjonal tverrkyrkjeleg komité møtest kvart fjerde år for å dela idéar og ansvar, velja tema og hjelpe nye grupper.

Programmet for bønnedagen i år kjem frå Bahamas og speglar eit liv og ein kultur langt unna oss her på Jæren.



Bahamas: Jesus sa til dem: «Skjønner de kva det er eg har gjort for dykk?»

Likevel -- dette angår oss. «Bahamas ligg i Atlanterhavet, aust for spissen av Florida, og består av 700 øyar og rundt 200 rev og sandbankar», les vi i leksikon. Øyene har ei lang og komplisert koloni-historie som tok slutt i 1973. I år har kvinnene i dette øyriket laga programmet for Kvinnenes internasjonale bønnedag. Det er gripande å lesa bønnene dei har formulert, for desse formidlar ei fast tru til Gud som ber gjennom livet, alle slags dagar. Samstundes gir det bakteppe og perspektiv til oss som får samlast her i Time og vera ei lenke i bønneringen denne spesielle dagen.

Høyr takk og lovsong frå kvinnene der langt «bortefrå»:
--- Store Gud, du som skapte himmelen og jorda og som bles livets ande inn i oss, vi takkar deg for desse store gåvene. I undring og age ser vi din herlegdom og makt i sola som skin og vatnet som bølger kring oss, i andletet til eit spedbarn og i dei smilande auga til ei gamal kvinne.

Deg, vår Gud, vil vi lova.

--- Gud, du som gjer under, med fryd ser vi farge-spel og underlege former i blomar, regnboge og kvar glitrande vassdråpe. Herre, din store kjærleik er like trufast som sola, din godhug er like botnlaus som sanden, og din nåde er kring oss som vatnet i havet.

Deg, vår Gud, vil vi lova.

6. mars 2015 samlast kvinner til bønn i alle land og rike, «mens jorden ruller uten stans». Her i Time vert det samlingar i Undheim kyrkje, Fotland bedehus og i Misjonskirken, Bryne.

Slik ynskjer kvinnene frå Bahamas-øyane velkomen :
Vi, kvinnene frå Bønnedagskomitéen i Bahamas, helsar dykk velkomne til å feira Bønnedagen saman med oss. I dei tidlege åra, for 65 år sidan, var vi knytte til den skotske presbyterianske kyrkja i hovudstaden Nassau. Nå feirar vi dagen på dei fleste av øyane og av meir enn 10 kristne kyrkje-samfunn.

emb

Bryne kyrkje våren 2015:


Kveldsgudstenestese

TRUVERDIGE TRUANDE?!

- Ærleg blikk på kyrkja i tida -

Alle kveldsgudstener startar kl.19,
har ekstra musikk og nattverd med bønnestasjonar

VELKOMMEN!



18. januar (ferdig):

Kva når folk søker anna enn Jesus?

Egil S. Eide og Kjell Børge Tjemsland med blikk på Thailand
Info om prostitutt til «Smilenes land».

8. februar:

Kva når det heilage og sakrale blir borte?

Kjell Arild Pollestad

Klassisk musikk

15. mars:

Eitt i Kristus eller på kvar si tue?

Fellesgudstene. Misjonskyrkja i fokus

Pastor Thorleif Bruseland

Band frå Misjonskyrkja

19. april:

Er Brynekyrkja truverdig?

Heidi Strand Harboe og Leif Harboe

Torhild Nødland

Randi Engelsen med band



VÅRFEST FOR ALLE OVER 60 ÅR



LYE FORSAMLINGSHUS
Søndag 22. februar kl 15.00

- Sang av Randaberg Mannskor
- Kåseri: "Trygve Bjerkreim - slik eg kjende han" ved Ingolf Gjedrem
- Allsang og andakt
- Det blir god mat og drøs

Arr: Time diakoniutval

Temakveld med ODD J. EIDNER



Onsdag 25. februar kl 19.30

i Bryne kyrkje

Temaet for kvelden blir:

«Hvordan snakke sant om livet
i glede og sorg?»

Vi får nå besøk av Odd J. Eidner, som er prest, forfatter og NRKs andakts-holder. Benytt sjansen til å høre på han og hans sterke historier og erfaring om sorg.

Velkommen!

Arr: Diakonene i Jæren prosti



Fotland bedehus

Bønnemøte: 9. feb, 23. feb, 9. mars
Ope hus: 6. feb, 20. feb, 20. mars
Ungdomstreffen: 28. feb, 14. mars
Søndagsskule: 1. mars, 15. mars
Guttalag: 2. mars, 16. mars
Jenteforening: 3. mars, 17. mars

10. feb Årsmøte
12.-15. feb Møte NLM
22. feb Møte IMF
6. mars Bedehusbaser
8. mars Møte Normisjon
15. mars Temakveld

FRELSESARMÉEN BRYNE



Faste programmer:

Tirsdag kl 19.00 Hjemforbundet
Onsdag kl 18.00 **Hå sykehjem (siste onsdag i måneden)**
Torsdag kl 12.00 Cafe William
kl 18.00 Koinonia
kl 18.00 **Over de 60 (siste torsdag i måneden)**
Fredag kl 17.00 FA innebandy
kl 18.00 FA-bu-klubb
Søndag kl 10.30 Bønnemøte
kl 11.00 Gudstjeneste
kl 11.00 **Familiegudstjeneste (2. søndag i mnd.)**

Andre samlinger:

Februar
Ons 11. kl 19.00 Årsfest

Bryne Kyrkje "Søndagstreff"

Kl 18.00: Ringleik & allsong + kaffi & drøs i peisestova i
Bryne kyrkje
Kl 19.00: Gudsteneste i kyrkjesalen

Søndag: 12. april

Arrangementet er tilrettelagt for menneske med utviklingshemming



Lye forsamlingshus

Lykkeliten open barnehage:
Onsdagar 09.30 - 13.00

Barnekor

Agape barnekor (4. - 7. kl.):
Annankvar måndag 18.00 - 19.00 (partallsveker)
Barnegospel (5 år - 3. klasse):
Måndagar 17.05 - 17.50

JuniorKro (5. - 7. kl.): Annankvar
fredag 19.00 - 20.30 (oddeals-veker)

Ungdom (8. klasse og oppover)
Fredagskvelden kl 22.00
"Itte skuletid" Torsdagar kl 16.00

Bibelgrupper for ungdom:
Tysdagskveldar

Lye Blå Kors Speidarar (gutar 2. 4. kl.): Måndagar 17.30 - 19.00

Lovsangsband: Tysdagar
17.00 - 19.00

Strikkekafé på Lye forsamlingshus

«ikkje bare for dei med strikketøy»



Strikkekaféen er for damer i alle aldrar. Ta gjerne med strikketøyet eller eit anna handarbeid og få inspirasjon eller kan henda litt hjelp, **men det er absolutt lov til å koma bare for å drøsa.**

Det blir "kafé" med sal av litt mat og det blir ei lita utloddning.

Datoane for strikkekafé er:

20.2, 20.03 - kl 19.30

Sjå eiga Facebook-side for kafee:

<https://www.facebook.com/StrikkekafePaLye>

Hans Nielsen Hauge kveld i Bryne kyrkje



Tarald Oma (t.v.) og Oddmund Hognestad er i komiteen for møtet 24. februar

Time historielag og Bryne sokneråd går saman om stort Hans Nielsen Hauge - arrangement i Bryne kyrkje tysdag 24. februar. Det blir foredrag, song og musikk med fokus på han som fekk i stand det som truleg var nasjonen si første grasrotrørslé.



Leiaren av Haugeinstituttet, Sigbjørn Ravnåsen, her utkledd som Hans Nielsen Hauge, kjem til Bryne kyrke 24. februar



Hauge er kanskje mest kjend som lek-predikant. Han var også forfattar, gründer, handelsmann, bedriftsleiar og medmeneske

Tarald Oma og Oddmund Hognestad representerer henholdsvis historielaget og soknerådet i komiteen som førebur møtet. Dei trur begge det kjem mykje folk denne kvelden og viser til at det i mars i fjor var full kyrkje på eit fellesarrangement i høve grunnlovsjubiléet.

- Hauge starta ein fridomskamp i landet. Det er spesielt interessant å få fram kva han har betydd for Time og Jæren, seier Oma til Helgedagen. — Jens Olav Mæland vil kåsera om spor etter Hauge på Jæren. Det er same tema som han omtalte i historielaget si siste årbok. Oddmund Hognestad held fram at det er viktig for kyrkja at Hauge si historie og hans etiske verdiar vert kjende. Sigbjørn Ravnåsen frå Haugeinstituttet skal ha foredrag om mannen, etikken og aktualiteten.

- Det blir god song og musikk denne kvelden. Mellom anna skal blandakoret Jærklang framføra ein av songane til Hans Nielsen Hauge.

Etter han fekk si kallsoppleving i 1796, gjekk han over store deler av landet og møtte folk. Han trossa både den såkalte konventikkelplakaten - som sa at prestane skulle godkjenna kristne samlingar - og lausgjengarlova - som sa at lensmann eller prest skulle godkjenna bøndene sine reiser ut av bygda. Derfor var myndighetene etter han, og han sat mange år i fengsel. Hauge brann for at folk skulle venda om til Jesus, og han opplevde det som eit kall å starta arbeidsplassar for å hjelpa lokalsamfunn ut av fattigdom. Han hadde ikkje fokus på eiga vinning og fordelar, men på nestekjærleik og hardt arbeid.

24. februar vil me få høyra meir om denne spennande personen som har vore og er til stor inspirasjon for mange. Og som framleis er aktuell...

 Coop Prix Lye • 51 48 81 74	 Byggmester Eivind Stene Tlf 975 28 874 - Reparasjoner - Tilbygg - Listing/innredning	aktiv. Skal du selge bolig? Aktive meglere lønner seg! Kontakt Aktiv Eiendomsmegling Jæren på 51 77 80 00 / bryne@aktiv.no Vi megler frem dine verdier www.aktiv.no
 Pizzabakeren Bryne, 47 70 77 00	 Jærvn. 152, 4340 Bryne - www.hauk.no 51 43 05 66 - 412 37 564	
 Vesthagen 9, Håland, 4344 Bryne	 Morenefare 5, Bryne, Tlf. 51 48 67 40 E-post: dr@el-team.net, Internett: www.el-team.net	 Postboks 510 - 4349 Bryne Tlf: 51 48 01 01
Kverneland Bil Vi tar ansvar! Eskervegen 7, 4341 Bryne • Tlf. 51 77 82 82 Reevegen 11, 4340 Bryne • Tlf. 51 77 16 10	 Heidi Bøe Honningsvåg Jaertannlegene.no 5148 4800	
	 I. Bjørnsen A/S Jærv. 250, 4340 Bryne - 51 78 50 20	 Undheim handelslag
	 Alt i nybygg, påbygg og rehabilitering Mobil 908 55 625	BESTILL HUSKATALOGEN  BoligPartner Tlf: 51 77 19 60 bryne@boligpartner.no www.boligpartner.no AKTUELT OM DET SOM BETYR NOE 
BØRGE UNDHEIM A/S KYLLINGOPPDRETT  Litlaundheimsvegen 135 4342 Undheim Tlf 51 48 89 00 Opp til 18 veker gamle kyllingar kan leverast heile året	haver Haver Advokatfirma Ans Øgårdsbakken 3, Bryne telefon 51 77 00 50	



Torsdags-Treff i Bryne kyrkje

19. februar kl 14.30
Kjellaug Aanestad Varhaug:
«Min oppvekst på Opstad»
Songstund og matøkt. Andakt.

19. mars kl 14.30
Torstein Tunheim:
«Laust og fast»
Songstund og matøkt. Andakt.

16. april kl 14.30
Håkon Bjorland:
«Å, eg veit meg eit land..». »
Songstund og matøkt. Andakt.

Målgruppe: Pluss/minus 60
Tid og stad:
Kl 14.30-16.30

Samlingane blir i kjellarstova i kyrkja.
Kva me vil:
At alle pluss/minus 60 skal kjenna seg velkomne og trivast!
Korleis me skal ha det:
"Kultur"-innslag (eit tema)
Ei lita songstund med songar som gir gjenkjenning.
Matøkt – og drøs. Andakt.



Kvinnenes internasjonale bønnedag i Time fredag 6. mars 2015

Undheim kyrkje	kl 14.00
Fotland Bedehus	kl 15.00
Misjonskirken, Bryne	kl 19.00

Kvinnenes internasjonale bønnedag markeres den første fredagen i mars hvert år, i Norge og i resten av verden. I år får vi programmet fra kvinner i Bahamas.



Maleri: Chantal E.Y. Bethel

Bahamas: Jesus sa til dem: «Forstår dere hva jeg har gjort for dere?»




Påskeleir på Ognatun



Påskeleir 1	2.-4. kl	13.-15. mars	Påm. frist 03. febr.
Påskeleir 2	3.-5. kl	20.-22. mars	Påm. frist 10. febr.
Påskeleir 3	5.-7. kl	27.-29. mars	Påm. frist 24. febr.

Pris: 660 kr
Påmelding til ImF-Rogaland: tlf. 51 79 38 80,
E-post: rogaland@imf.no
Heimeside: imfrogaland.no


Kolonia
 BØKER, GAVER, LEKER OG INNRAMMING
 Brynesenteret – Storgata 40 - 51486520


JÆRPRINT
 TRYKKERI & DESIGN


Holman Bil.no
 Tengsareidv 4, 4373 Egersund
 Tlf. 51 46 19 80


TIME ELEKTRO AS
 når resultatet er viktig


KLAR FOR OPPDRAG AV ALLE SLAG
 FAGKUNNSKAP GIR TRYGGHET
 RØGENES & Co AS
 ROY FRODE MONGE
 90 11 66 41
 rfm@rogenes.no
 ODD KÅRE RØGENES
 90 94 01 80
 okr@rogenes.no


E.K. Glassmesterforretning
 Einar Knutsen as
 Postboks 149, 4349 Bryne
 TLF. 51 48 02 11.
 DØGNSERVICE 971 78 180


Jan Reime Bil AS
 AutoMester®


reime&lode
 AUTOMOBILT PÅ JÆREN
 Bernerveien 30, 4365 Nærbø
 www.reimeoglude.no
 Tlf. 51 79 10 10
 post@reimeoglude.no


WACO
 Forsikringsmegling as


EiendomsMegler 1


BERGENE MASKIN
 Grødelandvegen 28 - Tlf: 917 30 249
 Graving – Transport – Singel –
 Grus – Solla jord


JÆREN HOTELL


REMA 1000
 Håland 8-22 (9-20)
 Hognestadvegen 90
 51 48 79 02


TOYOTA
 Fossveien 3, 4373 Egersund
 tlf. 51461700 www.toyotaegersund.no


Evangeliet
 tilbake til jødene


La oss ta hele badet
 Ring 51 77 91 91, og be oss ta hånd om alt fra tegning til ferdig, nytt badrom. Les mer på www.byggelaget.no
Byggelaget


Freteks Butikksalg
 Meierigata 17, 4340 Bryne Tlf. 51 48 56 50
www.fretex.no . Opningstider:
 man/fre kl 10.00 - 18.00 lørdag kl 10.00 - 15.00


 Den Norske Israelsmisjon
www.israelsmisjonen.no


JÆREN MISJONS RADIO
 Nærradioen med godt nytt
 Tryggheimsvegen 13, 4365 Nærbø, Tlf.: 51 43 32 22
Sender på
 FM 103.5 - 106.3 - 106.6 - 107.9
www.jmradio.no


Jesús Kristus
 er i går og i dag
 den samme, ja
 til evig tid.
 Hebr. 13,8.


BLIFADDER!
www.blifadder.no
 ☎ 22 94 26 00 misjonsalliansen



Torland
AUTOLAKK

Lakk Glass
Tore Torland - 993 19 275
Paul Eirik Torland - 971 89 559

Besøgsadresse:
Bøvegen 10 4365 Nærbø

Åpningstider:
Man-Fre 07:30 – 15:30

Ligger rett bak
A-K Maskiner på Nærbø

RIIS BILGLASS

TLF: Lakk Glass
E-POST: Lakk Glass

Det litt muntre hjørne:

Løysing HelgeKryssord-5/14

J	U	L	E	S	O	N	G
U	R	I	A	E	D	D	A
L	E	V	A	A	D	U	R
E	A	L	G	V	E	R	B
T	R	A	U	E	T	A	O
R	A	U	R	B	A	N	R
E	L	S	K	E	L	E	G

Vi følger opp med kryssord (løysing neste nummer) og serverer ein "passande" vits:

Magnus søkte om jobb som bokselger hos et forlag. Siden han stammet ganske mye var direktøren ikke særlig interessert men sa likevel at han skulle få prøve seg noen dager:
 - Her har du en koffert med bibler. Vis meg hvor mange av dem du får solgt til torsdag.
 Magnus tok kofferten og gikk. Torsdag var han tilbake og sa at han hadde solgt alle biblene.
 - Alle? utbrøt direktøren. - Men hvordan klarte du det?
 - G-g-ganske enk-k-elt, sa Magnus. - Hver gang jeg r-r-ringte på hos noen, sa jeg b-b-bare: "V-v-vil du kjøpe en b-b-bibel, eller skal jeg l-l- lese den høyt for d-d-deg?"
 KAA

HelgeKryssord-1/15 av Gabriel Tengsareid

1	2	3	4	5	6	7	8	9	10
11				12		13			
14		15			16				
17			18	19	20		21	22	
23	24		25		26			27	
28								29	
30		31	32				33		
	34							35	
36								37	

- | | | |
|--------------------|----------------------|--------------------------|
| Vassrett | 28. Godkjenning | Loddrett |
| 1. Forlating | 30. Kaldt stoff | 1. Løfte |
| 11. Gutenamn | 31. Pronomen | 2. Gresk bokstav |
| 12. Bort | 33. Lang | 3. Brannen |
| 13. Klar | 34. Plass for læring | 4. Fugl |
| 14. Preposisjon | 35. Tal | 5. Mjølkeorgan |
| 15. Krisetid | 36. Lage | 6. Etsa |
| 16. Esel | 37. Via | 7. Preposisjon |
| 17. Studerte | | 8. Nestekjærlig |
| 18. England | | 9. Plass |
| 20. Vekk | | 10. Guds frykt |
| 21. Heile | | 19. Europear |
| 23. Gutenamn | | 20. Busk |
| 25. Tid | | 22. Flire |
| 26. Gummiskymar | | 24. Little |
| 27. Like bokstavar | | 29. Ingeniørorganisasjon |
| | | 32. Fryse |

Gjevarteneste

Barne- og ungdomsarbeid i Bryne,

kto.nr. 3325.25.07057

Trusopplæringa i Time

kto.nr. 3325.39.13407

Kyrkjelydsarbeidet / Gjevarteneste

ungdomsarbeidar, Undheim

kto.nr. 3325.21.55657

Undheim kyrkje - gåver

kto.nr. 3325 25 08959

Frøyland-Orstad kyrkjelyd,

kto.nr. 3290.60.44179

Kyrkjebygg Frøyland-Orstad

kto.nr. 3325.25.09270

Ungdomsarbeidar på Lye

kto.nr. 3325.25.04260

"Vi gjev" - diakonalt arbeid i Time

kto.nr. 3325.21.30859

Stikk innom vår heimeside

<http://www.time-kyrkja.no>

Ynskjer du nokon å snakke med?

Du er velkommen til å ta kontakt med prest og diakon for samtale.

Sokneprest Gunnar Frøyland (Time)

tlf. 51 77 03 75 / 958 73 847

Sokneprest Stein Ødegård (Bryne)

tlf. 51 77 03 71 / 911 57 105

Ungdomspastor Johannes Kleppe (Bryne)

tlf. 951 42 602

Diakon Marit Høie Hetland tlf. 911 63 039

Diakon Ingelin H Norbakken tlf. 48 19 03 18

Ordinasjonsgudsteneste



Alfred Maudal Paulsen

Time kyrkje
1. mars 2015 kl 1900

Alfred Maudal Paulsen
ordineres til prest.
Biskop Erling Pettersen leder ordinasjonen.

Velkommen!



Biskop Erling Pettersen

Brynekyrkja søker:

Ungdomsarbeidar i Ungkyrkja

Inntil 70 % - vikariat

LES MEIR PÅ WWW.BRYNEKYRKJA.NO



NMS Gjenbruk
på Bryne

Parken Senter
(tidlegare postlokala)

Inngang ved hjørnet til
Saronsbråtet og Meierigata
tlf. 951 06 028

Opningstider:
mandag/fredag 10.00-17.00
laurdag 11.00-15.00

Korleis har du det...

EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no
SOS-Chat: www.soschat.no



EIT MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST



DØYPTE

BRYNE KYRKJE

08.11.14: Linnea Nielsen Trones

09.11.14: Dennis Opstad, Vegard Oltesvik Bore

16.11.14: Julie Roth Sæther, Jeppe Rosenquist Thu, Emilie Skisland

21.12.14: Ane Tunheim Øgaard, Luca Grødem Salte, Maylin Leirvik Ånestad

11.01.15: Linnea Madelen Håland Hammervik, Viljar Tjessem-Voll, Maielise Peilmann Tønnessen

TIME KYRKJE

16.11.14: William Aleksander Bryhn, Håvard Njølstad Haugland, Isak Time, Arild Time

30.11.14: Selmer Svihus, Marcus Nordfjord Saurdal, Emil Svendsen Lode

13.12.14: Alva Oma, Vilde Bore, Leo Alexander Jensen Hommeland, Lineus Øgaard Lerbrekk, Linnea Kalsås

28.12.14: Nicoline Villemo Hatleskog, Eline Goa

11.01.15: Thelma Nese, Olav Paulsen, Albert Paulsen, Ludvig Nedrebø, Marie Idland, Vegard Gundersen

UNDHEIM KYRKJE

04.01.15: Oliver Aulstad

BORN FRÅ TIME DØYPTE ANDRE STADER

21.09.14: Ida Birgitte Lieberg Olsen, Fitjar kyrkje

02.11.14: Mariell Sveinsvoll, Klepp kyrkje

30.11.14: Frida Gustavson Sandstøl, Julebygda kapell

04.01.15: Isak Tollefsen, Jørpeland kyrkje



VIGDE

01.11.14 Ailun Skårland og Geir Tore Skårland

15.11.14 Hilde Orre og Sindre Tryggeseid

Meling

21.11.14 Aina Natterøy og Marius Tord

Thorkildsen

21.11.14 Monica Dalen og Atle Haugland



DØDE

Olaug Fjermestad, Åse Johanne Kallestad, Tore Haugland, Leif Torfinn Vagle, Gunleiv Hadland, Einar Danielsen, Anne-Lise Hinnaland, Kristian Bryne, Otto Aase, Tina Nordbø, Kristine Ritland Undheim, Tom Kjetil Vestly, Øystein Lende Olsen, Gabriella Joakimsen Hauge, Agny Kverneland, Gunvor Tjessem, Olga Aasland, Amund Johannes Aanestad, Helga Serigstad, Kari Ann Undheim, Kåre Bertram Tjåland, Olav Lunde, Jonas Fjermestad

*Vegen tilbake
til Gud*

*"For så elska Gud verda at
han gav Sonen sin, den
einborne, så kvar den som
trur på han, ikkje skal gå
fortapt, men ha evig liv!"
Joh. 3,16*

Bøn: Jesus, du veit om mine feil og nederlag. Eg trur at du er Guds son som døydde på krossen. Slik vart ditt blod gjeve for syndene mine. Kom inn i hjarta mitt og livet mitt og gjer meg til eit Guds barn. Eg tek imot deg akkurat nå som min Herre og Frelsar. Eg tek imot di tilgjeving for syndene mine. I Jesu namn. Amen



Bryne
Kto. 3325.20.11906



Støttegruppe ved samlivsbrot

Det finst tilbod om å delta i samtalegrupper etter samlivsbrot. Ønskjer du å bli med i ei slik gruppe, ta kontakt med diakon på diakon@time-kyrkja.no eller ring kyrkjekontoret på tlf. 51 77 03 74





Skyss til
gudstenesta

BRYNE KYRKJE:
Sverre M. Lima 51 48 21 33

Jonas Frøyland 41 30 04 68

Gabriel Tengsareid 51 48 28 98

Ring før kl 10.00



Søndag 08. februar

Bryne kyrkje	kl 19.00
Rosseland skule	kl 11.00
Time kyrkje	kl 11.00

Søndag 15. februar

Bryne kyrkje	kl 11.00
Lye forsamlingshus	kl 10.30
Undheim kyrkje	kl 10.30

Søndag 22 februar

Bryne kyrkje	kl 11.00
Time kyrkje	kl 11.00

Søndag 01. mars

Bryne kyrkje	kl 11.00
Lye forsamlingshus	kl 10.30
Undheim kyrkje	kl 10.30
Time kyrkje	kl 19.00

Søndag 08. mars

Bryne kyrkje	kl 11.00
Time kyrkje	kl 11.00

Søndag 15. mars

Bryne kyrkje	kl 19.00
Lye forsamlingshus	kl 10.30
Rosseland skule	kl 11.00
Undheim kyrkje	kl 10.30

Søndag 22. mars

Bryne kyrkje	kl 11.00
Time kyrkje	kl 11.00

Palmesøndag 29. mars

Bryne kyrkje	kl 11.00
Lye forsamlingshus	kl 10.30
Time kyrkje	kl 11.00
Undheim kyrkje	kl 10.30

Mark. 9,2-13

Kveldsgudsteneste. Nattverd
Gudsteneste med familiefokus. Nattverd
Gudsteneste. Nattverd

Joh. 12,20-33

Gudsteneste. Nattverd
Gudsteneste
Familiegudsteneste. Dåp

Matt. 15,21-23

Gudsteneste. Dåp og nattverd. Jungelgjeng
Gudsteneste. Dåp og nattverd

Luk. 7,36-50

Gudsteneste. Nattverd. Jungelgjeng
Gudsteneste. Nattverd
Gudsteneste. Nattverd. Søndagsskule kl 11.00
Ordinasjongudsteneste.
Alfred Maudal Paulsen ordineres til prest

Mark. 9,17-29

Familiegudsteneste. Dåp
Gudsteneste. Nattverd

Joh. 3,11-16

Kveldsgudsteneste. Nattverd
Gudsteneste
Gudsteneste m/ familiefokus. Nattverd
Familiegudsteneste. Dåp. Søndagsskule kl 11.00

Luk. 1,46-55

Familiegudsteneste. Nattverd
Gudsteneste. Dåp

Matt. 26,6-13

Gudsteneste. Jungelgjeng
Gudsteneste. Nattverd
Gudsteneste. Dåp og nattverd
Gudsteneste. Nattverd. Søndagsskule kl 11.00